



Køer er ikkje vanlege i Uskedalen, men når det dukkar opp ein potetbil frå Jæren i morgontimane ein laurdag i oktober blir det annleis. Då strøymer uskedelingane til for å utnytta den reserverte timen.

Før og etter Uskedalen sto Rosendal og Husnes på programmet.

Produsenten frista ikkje berre med poteter for 50, 70, 80 og 90 kroner for 10 kilo men også gulrøtter, andre grønnsaker og egg.

Og han meinte at han ikkje hadde hatt så fin Kerrs Pink på dei siste 7 åra. Den var skikkeleg melen, opna seg som ei rose og smelta på tunga, skrøt produsenten.

Eller var det ikkje skryt?

Foto: Ola Matti Mathisen